

Bestillingsbrev til Regionalt forskningsfond Møre og Romsdal 2020-2023

asdf

INNHold

PUBLISERT 15. JAN. 2020

Bestillingsbrev til Regionalt forskningsfond Møre og Romsdal 2020-2023

Bakgrunn og formål

Bakgrunn for ordninga

Regionale forskningsfond (RFF) vart oppretta i 2010. For å gi fylkeskommunane løyving- og forvaltningsrett til fonda har Kunnskapsdepartementet stilt krav om at det må utarbeidast regionale FoU-strategiar. Saman med dette bestillingsbrevet vil FoU-strategiane til Møre og Romsdal danne grunnlaget for fondsstyret sine årlege handlingsplanar. Gjennom handlingsplanane skal fondsstyret tilpasse ambisjonsnivået ut frå tilgjengelege fondsmiddel både når det gjeld prioritering av innsatsområde og søknadstypar.

Talet på regionale forskningsfond i Noreg er frå 2020 endra frå 7 til 11. Møre og Romsdal utgjør ein eigen fondsregion.

Formålet med regionale forskningsfond

Kunnskapsdepartementet sine retningslinjer for regionale forskningsfond er frå 01.01.2020 erstatta av «Forskrift om dei regionale forskningsfonda», §2, der det er fastsett følgjande formål: Tilskotsordninga skal styrkje forskingsevna til regionen gjennom tilskot til forskning og innovasjon og gjennom mobilisering til auka FoU-innsats.

Vidare skal dei regionale forskningsfonda:

a) Styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling gjennom å

1. finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet
2. medverke til at bedrifter og offentlege verksemder aukar kompetansen, innovasjonsevna, verdiskaping og konkurransekraft ved å initiere forskning og ta i bruk resultat frå FoU.
3. stimulere til eit tettare samarbeid mellom FoU-institusjonar og styrkje koplingane til næringsliv og offentlig sektor

b) Auke FoU-innsatsen gjennom å

1. mobilisere og kvalifisere bedrifter og offentlege verksemder til å delta i nasjonal og internasjonal forskning
2. støtte FoU-prosjekt initiert av næringsliv, frivillig sektor og offentlege verksemder inkludert universitet, høgskular og andre forskingsmiljø

c) Bidra til auka forskingskvalitet og til utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljø gjennom å

1. støtte langsiktig, grunnleggande kompetansebygging i relevante forskingsmiljø
2. knyte institusjonane sin FoU-kompetanse til andre regionale FoU-aktivitetar og sjå desse i samanheng
3. stimulere til fleir- og tverrfagleg samarbeid i forskingsprosjekt

d) Arbeide for tett samspel mellom aktivitetar i regionane og relasjonane deira til andre nasjonale og internasjonale forskingsprogram og forskingsaktivitetar

Fondsstyret

Fondsstyret

Fylkeskommunen utpeikar fondsstyret, og vedtek i kvar valperiode eit bestillingsbrev som styret skal arbeide etter. Fondsstyret er ansvarleg for at RFF Møre og Romsdal arbeider i tråd med formålet med ordninga og måla som er fastsette i bestillingsbrevet.

Fondsstyret skal:

- sørge for at det blir utarbeidd ein overordna handlingsplan (to til fire års varigheit) som blir rullert årleg, i tråd med bestillingsbrevet frå fylkeskommunen. Handlingsplanen skal prioritere bruken av fondsmidlane med omsyn til tematikk, målgrupper og vektlegging av dei ulike søknadstypane.
- utarbeide årleg budsjett
- sørge for at føresetnadene for offentlege tilskot til prosjekt blir overhaldne
- følgje opp prosjekt som er starta opp, med spesielt fokus på prosjekt der det er risiko for eller meldt om vesentlege avvik
- behandle sluttrapportar frå prosjekta
- utarbeide ein årsrapport om verksemda i fondsstyret som skal sendast til Kunnskapsdepartementet og til Norges forskingsråd etter behandling i fylkeskommunen jf. § 4 i forskrifta
- utarbeide ei løyvingsoversikt som viser bruken i fondsstyret av tildelte midlar
- sørge for at det blir informert om fondet og formidling av forskingsresultata frå prosjekta som har fått støtte frå fondet, medrekna: skape merksemd om og interesse for fondet blant aktuelle målgrupper/søkarar
- sørge for god kontakt, koordinering med verkemiddelapparatet elles

Ut over dette blir ansvaret skildra i forskriftene og i det årlege tilskotsbrevet frå Kunnskapsdepartementet.

Prioriteringar 2020-2023

Utlysingane av prosjektmidlar frå RFF Møre og Romsdal skal bidra til å forsterke regionens konkurransefortrinn slik dei er skildra i Forskings og innovasjonsstrategien for næringslivet i Møre og Romsdal 2016-2020 og Forskings- og innovasjonsstrategi for kommunal sektor i Møre og Romsdal 2017-2020. FoU-strategiane vil bli rullert i løpet av 2020, og ein ny FoU-strategi vil frå 2021 bli lagt til grunn for bestillingsbrevet.

RFF Møre og Romsdal skal underbygge behova i næringslivet og rette seg mot kunnskapsområde som utnyttar og forsterkar regionens konkurransefortrinn. Utlysingane skal

derfor legge til rette for meir kunnskapsbasert innovasjon i næringslivet så vel som i offentleg sektor, og bidra til å bygge opp relevant kunnskap i forskingsmiljøa.

Berekraft og det grøne skiftet

Både styresmakter og marknader stiller aukande krav til bedrifter og samfunnsaktørar om å drive etter berekraftige prinsipp. FN's berekraftsmål er førande for mykje av dette arbeidet. Forskingsbasert innovasjon og teknologiutvikling spelar ei nøkkelrolle for meir berekraftig ressursutnytting, og å skape nye produkt og prosessar som minimerer klimaavtrykket samtidig som det gir nye forretningsmuligheiter. Utlysingane til RFF må stille krav til at det som blir utvikla i prosjekta er berekraftig eller at prosjektet i seg sjølv bidrar til berekraftige løysingar.

Eit næringsliv med verdikjeder innanfor både blå og grøn sektor gir regionen eit godt utgangspunkt for arbeidet med «det grøne skiftet». Ved hjelp av innovasjon og teknologiutvikling skal heile næringslivet og offentleg sektor bidra til ein overgang til meir klima- og miljøvennelege produkt og tenester i alle delar av arbeids- og næringslivet.

Muleggjerande teknologiar

Digitalisering og nye teknologiar skaper store muligheiter for arbeids- og næringslivet. Dette kan m.a. handle om automatisering, virtuell prototyping, sensorteologi og bruk av store datamengder i kombinasjon med simuleringar og digitale tvillingar. For å kunne kome til praktisk og kommersiell nytte, må teknologien ofte bli utvikla og tilpassa i samspel med FoU-miljø.

Bruk av kunnskap frå ei næring kan bidra med innovasjon i andre næringar og sektorar. Det er viktig å stimulere til samarbeid på tvers av fagområde og sektorar, og dermed bidra til utvikling av nye forretningsområde eller næringar. Prosjekt der næringsliv, offentleg sektor og FoU-miljø samarbeider og lærer av kvarandre, er ønskeleg.

Havrommet

Nærleiken til og bruken av «havrommet» er grunnlaget for dei sterke næringsklyngene i Møre og Romsdal. Dei maritime næringane har leiande bedrifter innanfor heile verdikjeda. Bransjen utnyttar eksisterande kompetanse inn mot utvikling av nye typar fartøy, framdrifts- og navigasjonssystem, maritime installasjonar og tilhøyrande utstyr. Havvind og nye havbruksystem er andre område i utvikling. Den marine næringa har ei stor mengde aktørar innanfor fiskeri, foredlingsindustri, havbruk, og havbruksrelaterte teknologibedrifter. Innanfor det biomarine området er det ei veksande mengde verksemdar og kunnskapsområde med fokus på auka utnytting av råstoff og vidareforedling av marine produkt til mat og ingrediensar til helsemarknaden.

Innovasjon i offentleg sektor

Kommunal sektor står overfor store utfordringar som følgje av eldrebølge, ressursknappheit og auka krav til velferd og kompetanse. For å møte desse utfordringane trengst det brei mobilisering til meir forskning i og for sektoren. Kommunane treng hjelp til å drive meir systematisk innovasjon på tvers av fagområde og nivå. For å finne gode og smarte løysingar må det offentlege ofte samarbeide med andre aktørar. Både private bedrifter og frivillige organisasjonar kan saman med brukarane sjølve vere viktige samarbeidspartnarar for ein meir kunnskapsbasert og innovativ offentleg sektor. Styret skal prioritera utlysingar innan innovasjon i offentleg sektor som bidrar til å mobilisere til slik aktivitet.

Utlysingane skal rettast mot kommunal sektor eller mot samarbeid mellom sektoren og private og/eller andre offentlege aktørar. Kommunane må oppmodast til å vere bevisst si rolle som pådrivar i innovative innkjøp der ein vil tene på eit tett samspel med FoU-miljø og næringsliv.

Samspel over bransje- og sektorgrenser

Utvikling og bruk av kunnskap er i mange samanhengar generisk i den forstand at fleire bransjar, sektorar og fagområde kan ha nytte av den same kunnskapen. Forskingsbasert innovasjon som har utspring i ein bestemt bransje som t.d. marin industri, kan òg kunne brukast i andre viktige næringar i regionen slik som marin, ferdigvareindustri, IKT-bransjen, petroleumsretta næringar, reiseliv og landbruk og i offentleg sektor. Slik gjensidig kunnskapsutveksling og samspel er ønskeleg når det er føremålstenleg. Prosjekt der det blir utvikla og blir nytta generisk kunnskap, gjerne i samarbeid over bransje- og sektorgrensene, er viktig for å dele kunnskap og fremje innovasjon i heile regionen.

Styrke forskingsmiljøa

Arbeids- og næringslivet må ta i bruk ny kunnskap og teknologi for å halde oppe konkurransevne, utvikle nytt næringsliv og levere gode produkt og tenester. Det inneber òg at FoU-miljøa, ikkje minst dei regionale miljøa, må levere relevant og praksisnær kunnskap i form av forskning og utdanning. Auka tilgjengeleg forskingskapasitet og –infrastruktur i form av kunnskapsmedarbeidarar, laboratorium, simulatorar og studentar, er viktig for å styrke det stadig meir kunnskapsbaserte arbeids- og næringslivet i regionen vår.

Føringar for RFF Møre og Romsdal

Søknadstypar

RFF Møre og Romsdal skal som hovudregel lyse ut midlar til kvalifiseringsprosjekt og hovudprosjekt. Ved utlysing av hovudprosjekt skal ein sørge for dialog med aktuelle aktørar for å identifisere behov innanfor dei strategiske satsingsområda som det blir peika på i kapittel 3, Prioriterte satsingar 2020-2023.

I alle utlysingar frå RFF-Møre og Romsdal blir det stilt krav til at prosjekta er brukarstyrte eller at brukarane har ein reell medverknad i prosjekta.

• Kvalifiseringsprosjekt

Prosjekta skal mobilisere til auka FoU-innsats og bidra til å styrke forskning for innovasjon i regionen. Gjennom eit aktivt samarbeid med FoU-miljø skal bedrifter og offentlege verksemdar i regionen heve kompetansen, slik at dei kan kome i posisjon for å setje i verk større forskingsprosjekt.

Kvalifiseringsprosjekta skal ha eit tydeleg definert innovasjons- og forskingsinnhald, og kvalifisere til vidare støtte frå relevante ordningar regionalt, nasjonalt eller internasjonalt. Kvalifiseringsstøtte skal gis til prosjekt med klare intensjonar om vidareføring i hovudprosjekt. Dei skal adressere utfordringar som er kritiske for etablering og/eller gjennomføring av eit hovudprosjekt.

Kvalifiseringsprosjekt blir lyst ut løpande og det er ingen søknadsfrist. Søknadane blir behandla løpande eller så fort som det praktisk lèt seg gjere.

• Hovudprosjekt

Prosjekta skal føre til innovasjon (verdiskapande fornying) hos private og/eller i kommunale verksemdar. Prosjekta skal skilje seg frå prosjekt som kan få støtte i Forskringsrådet sine program. Fondet sine avgrensa midlar, tilseier at det vil ikkje vere mogleg å finansiere mange hovudprosjekt innanfor dagens rammer. Gjennom vektlegging av kvalifiseringsstøtte og mobiliseringsstiltak, kan fondet drive kunnskapsoppbygging i bedrifter/klynger og kommunar slik at desse kan komme i posisjon for nasjonale program. Hovudtyngda skal ligge på kvalifiseringsprosjekt, men det kan òg vere aktuelt å lyse ut midlar til hovudprosjekt.

Samhandling med andre verkemiddel

FORREGION-MobPro som er eit felles program mellom Forskringsrådet og fylkeskommunen for å mobilisere til forskingsbasert innovasjon i bedrifter og kommunar i tidlege fasar, blir samkøyrtd med RFF Møre og Romsdal. Dei to ordningane blir administrerte av same sekretariat i fylkeskommunen. MobPro sine verkemiddel, kompetansemekling, personmobilitet og forprosjekt, blir brukt som mobiliserande aktivitetar i forkant av kvalifiserings- og hovudprosjekt når dette er føremålstenleg.

RFF Møre og Romsdal skal vere utfyllande i høve til andre verkemiddel og samarbeide nært med andre verkemiddelaktørar som Innovasjon Norge, Forskringsrådet og Horisont 2020 (Horisont Europa frå 2021). Fondet sine prioriteringar skal stå fram som mest mogleg komplementære til desse aktørane sine ordningar. Samtidig må det vurderast spissare tematiske utlysingar i RFF i tråd med behova i regionen. Dette vil i tillegg redusere arbeidsmengda i sekretariat og styret, og avslagsprosenten på innkomne søknader.

I ein situasjon der støtteverdige prosjekt får avslag pga. avgrensa midddlar, skal RFF Møre og Romsdal arbeide for å gi råd til søkjar om andre finansieringsmuligheiter. Gjennom auka samhandling med andre verkemiddel, vil det vera mogleg å setja i gang fleire regionale FoU-prosjekt.

[← Forrige side](#)

[Neste side →](#)

Meldinger ved utskriftstidspunkt 6. april 2026, kl. 13.34 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.